



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi tilrår vern av Osøyra som naturreservat i Kinn kommune

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Osøyra i Kinn kommune. Kandidatområdet ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, søraust for Florø. Innslaget av regnskogsartar er høgt til å ligge så langt nord og for enkelte artar er det både geografiske interessante registreringar og nasjonalt viktige bestandar. Osøyra vil kunne dekke viktige manglar i skogvernet i Vestland.

Arealet dekkjer ein gradient frå lågareliggjande område til høgareliggjande areal på begge sider av dalføret og har høge kvalitetar både i storleik og arrondering. Innanfor tilbodet er det avgrensa åtte naturtypelokalitetar. To av disse er store, gamle (hole) tre av eik. Fem naturtypelokalitetar er regnskog, og ein er med gamal, boreal lauvskog. Det er registrert fleire sjeldne, trua og sårbare artar, som til dømes fossegrimemose og praktdraugmose.

Dei mange lokalitetane av vestnorsk regnskog i tilbodsområdet er spesielt, då det både er fattig boreal fururegnskog og gamal kystfurusog i blanding. Vestnorsk regnskog er ein skogtype Norge har eit særleg forvaltingsansvar for, og som dermed også gjer området verneverdig. Både boreal regnskog med furu og fattig boreonemoral regnskog vil kunne bidra til å sikre eit meir representativt utval av skog i fylket for framtida. Tidlegare Flora kommune er eit viktig område for regnskog i Noreg, og lokalitetane på Osøyra er ein del av eit større nettverk av regnskogs kvalitetar i regionen.

Heile arealet vi tilrår til vern er lokalisert på gards- og bruksnummer 89/1 i Kinn kommune. Arealet er eigd av ein privat grunneigar. Arealet har ein storleik på 8757 dekar, der 6800 dekar er skogdekt og av det er 3100 dekar produktiv skog. Området har vore kartlagt av erfarne biologar, og Statsforvaltaren har vore på synfaring i felt med grunneigar og Norskog.

Heimelsgrunnlag

Osøyra blir tilrådd verna i medhald av naturmangfaldlova. I lova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Generelle mål for områdevern følger av naturmangfaldlova § 33. Føremålet med det enkelte verneområdet må bli skildra konkret og bli knytt opp mot forskrifta som gjeld den enkelte vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er den strengaste forma for vern etter naturmangfaldlova.



Oppretting av Osøyra som naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter naturmangfaldlova § 37 a: *Som naturreservat kan vernes områder som a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur (...) I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet. (...)*

Saksbehandling

Naturkvalitetar i området vart undersøkt av Geir Gaarder og Jon Bjarne Jordal i samband med kystfuruskogkartlegginga i perioden 2015 - 17. Lenkje til kartleggingsrapporten på Osøyra (sørlege del av tilbodsområdet) ligg [her](#) og kartleggingsrapporten for Leirvågstølen (område i nordaust) ligg [her](#).

| Namn | Tilbod | Oppstart | Høyring | Tilråding |
|--------|------------|------------|------------|--------------------------------|
| Osøyra | 07.05.2021 | 29.04.2022 | 29.06.2022 | Dato dagssett dette dokumentet |

Statsforvaltaren fekk tilbodet om frivillig skogvern av Osøyra den 07.05.2021. Oppstarts- og høyringsdokument vart sendt ut til aktuelle høyringsinstansar. Både oppstart og høyring vart òg kunngjort i Firda og i Firdaposten, i tillegg til nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland. Det er Norskog som har hatt dialogen med Statsforvaltaren på vegner av grunneigar.

Namn

Vi tilrår namnet Osøyra naturreservat på området. Garden som ligg sentralt i området heiter Osen, og difor var Osen lenge arbeidsnamnet på området. Det er eit anna naturreservat, oppretta etter verneplan for våtmark og som ligg i Sunnfjord kommune som allereie heiter Osen, og vi såg etter andre namnealternativ. Osøyra er namnet på elveosen og øyra som ligg midt i området, og Språkrådet støttar bruken av dette namnet.

Endringar under verneprosessen

Verneforskrifta er ikkje endra etter oppstart av verneprosessen. Det geografiske området er og uendra.

Heimelsgrunnlag

Osøyra blir tilrådd verna i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33 – 51. Generelle mål for områdevern følger av naturmangfaldlova § 33. Det er heimel i lova for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Oppretting av Osøyra som naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter naturmangfaldlova § 37 a - c.

Verneformål og områdestatus

Føremålet med vernet er å ta vare eit stort og variert skoglandskap med eit mangfald av truga, sjeldne og sårbare artar, og vegetasjonstypar med sterkt oseanisk preg. Området har ulike former for vestnorsk regnskog med stor verdi for biologisk mangfald, der enkelte førekomstar er å rekne som nasjonalt viktige bestandar. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg naturleg. Osøyra er, med sine 8757 dekar, eit uvanleg stort område i skogvernsamanheng.

Osøyra har verneverdiar av høg kvalitet. I det føreslegne verneområdet er det registrert åtte naturtypelokalitetar. Eit eventuelt vern av Osøyra vil kunne bidra til å sikre eit meir representativt utval av skog i fylket for framtida. I tillegg er det registrert fleire sjeldne og truga artar, som til dømes



fossegrimemose og praktdraugmose, i området. Skogen er utprega gamal, og då området var kartlagt i 2015 vart det ikkje tid til å rekkje over større delar av området. Vi har difor god grunn til å tru at det er fleire raudlisteartar i området enn dei som er funne til no. Noreg har eit særleg forvaltningsansvar for den vestnorske regnskogen. Naturtypane og artane som er i området, samt storleiken og den geografiske plasseringa, gjer Osøyra til eit høgst interessant område for skogvern.

Det tilrådde naturreservatet er regulert til landbruk-, natur- og friluftsliv-areal (LNFR). Det er i dag ein avgrensa bruk av området, mellom anna fordi terrenget er relativt kupert. Tidlegare har husdyr beita i området, men det er ikkje tilfelle no. Verneforskrifta omsyn til eventuell framtidig utnytting av beiteressursane i området. I tillegg blir større delar av det tilrådde området nytta til jakt. Standard verneforskrift for frivillig skogvern opnar for oppsetting av mobile, mellombelse jakttårn for storviltjakt, samt varsam fjerning av kvist i siktetrase og liknande. Det går òg ein traktorveg i dalsida nord for Osen gard som vil kunne bli brukt og vedlikehalde slik tilstanden er no på vernetidspunktet.

Brukarinteresser

Det er i dag ein avgrensa bruk av det tilrådde området. Tidlegare har husdyr beita i området, men det er ikkje tilfelle no. Verneforskrifta opnar for beiting i framtida dersom grunneigar ønskjer det, i tillegg til utplassering av saltstein. Forskrifta opnar og for at ein kan søkje om oppsetting av gjerde dersom det blir aktuelt i samband med husdyrhald. Det står att nokre steingardar som spor etter tidlegare tiders utmarksslått. Desse vil kunne bli sett i stand som kulturminne.

Grunneigar har inkludert areal tilplanta med gran i tilbodsområdet. Grana er i ein spreifingsfase, og det er år om anna stor produksjon av kongler på trea. I tilbods brevet skriv grunneigaren at han ønskjer å hindre at grana spreiar seg vidare, og at han ønskjer å tilbakeføre arealet til slik det var før grana vart planta der. Granfeltet er også inkludert i det tilrådde vernekartet, slik at forvaltningsmyndigheita kan fjerne grana som i dag trugar verneverdiane.

Jakt er ein viktig del av det lokale friluftslivet i Osøyra. Dette vil kunne fortsette sjølv om området blir verna. Verneforskrifta opnar for oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt og for varsam rydding av mindre mengd kvist i siktgater.

Det er ein traktorveg i Oslia frå nordsida av Oselva og litt nordaustover frå Osen i den nordlege delen av det tilrådde verneområdet. Denne kan nyttast og haldast ved like slik standarden er på vernetidspunktet. På traktorvegen i Oslia vil også naudsynt motorisert ferdsel på i samband med uttransport av felt storvilt vere lov. Der vil også bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding vere lov. Elles vil det vere forbode i det tilrådde verneområdet.

Det er ikkje registrert kulturminne i området i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er nokre gamle murar i den sørvestlege delen av det tilrådde området som er synlege på flyfoto. Grunneigar har også dokumentert disse. Det vil i utgangspunktet ikkje kunne bli etablert nye bygg på gamle murar i eit naturreservat.

Det er registrert ein nedlagt skytebane i forureiningsdatabasen like utanfor vernegrensa, der det er mistanke om forureining. Utifrå vår kunnskap om området blir den ikkje aktivt brukt som skytebane i dag.

Vi har ikkje registrert samanhengande merka og registrerte tur- og friluftsruter. Det er ei delvis stipla linje (sti) sør for Nosanipa som ikkje har start-/stopp-punkt. Vi er ikkje kjend med at det er ytterlegare



brukarinteresser innanfor området. Det er i utgangspunktet ikkje opna for å halde større arrangement i naturreservatet, men det er opna for å kunne gje løyve jf. § 7 e til avgrensa bruk dersom arrangementet ikkje strir mot verneføremålet. Merking og rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar som ikkje er avmerkt på vernekartet kan forvaltningsmyndigheita gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades.

Det er registrert ein pukklokalitet (med verdi «liten betydning») ved Uførevika og Parisholmen lengst vest i det føreslegne verneområdet. Denne er lite tilgjengeleg for uttak. Det er også registrert ein sand- og grusførekomst ved Osen gard. Førekomsten er verdisett som av «lokal betydning» og ligg delvis utanfor og delvis innanfor det føreslegne verneområdet. Denne sand- og grusførekomsten er delvis i drift. Det er same grunneigar som har tilbydd areal til skogvern som også eig sand- og gruslokaliteten. Han ønskjer framleis å ta ut massar frå delen som er i drift og er klart definert ved vegen inn til garden og ligg tydeleg utanfor det tilrådde verneområdet.

Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Det er fleire delareal med tilplanta gran i det tilrådde naturreservatet, og ei spreining av frøplantar frå kongleproduserande tre er allereie i gang. Det vil bli knytt større, framtidige utgifter til fjerning av grana og det vil truleg bli behov for overvaking frå Statens naturoppsyn (SNO) i ettertid for å hindre nyrekruttering av småtre. Elles vil skogbotn kunne få utvikle seg fritt utan tilplanting eller nemneverdig skjøtsel. Vi vurderer at dei store naturkvalitetane og verneverdiane i området gjer at det er verdt å bruke økonomiske ressursar på å fjerne framande treslag som trugar verneverdiane.

Det vil vere eit ordinært oppsyn i området i regi av SNO. Forvaltningsstyresmakta må sørge for tilgjengelege ressursar for administrasjon av området, til dømes ved handsaming av dispensasjonssaker, utarbeiding av forvaltningsplan og dialog med naturoppsynet.

Merknader til verneforslaget

Oppstart og høyringsbrev for verneområdet er sendt til relevante sentrale og lokale partar. Adresselista ligg ved bak i dette brevet. I tillegg har både [oppstart](#) og [høyring](#) blitt kunngjort på nettstaden vår, i Firdaposten og i Firda. Oppstart vart meldt 29.04.2022, og høyringa vart lagt ut 29.06.2022. Til saman kom det inn 15 uttalar.

Statens vegvesen skriv i si uttale at det ikkje er riksvegar i det aktuelle området, men at fylkesveg 5696 går langs delar av den potensielle verneområdegrensa. Dei skriv at Vestland fylkeskommune vil kunne ha merknadar til eventuelle verknadar vernet vil kunne ha for fylkesvegen fordi den går gjennom potensielt skredfarleg område, og at verneforskrifta må ta høgde for skredsikring dersom det skulle bli aktuelt med tiltak.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi vurderer at naturmangfaldlova si § 48 vil kunne ta høgde for ein eventuell dispensasjon frå vernereglane dersom det skulle bli aktuelt i samband med skredsikring av vegen. Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Vi har ikkje fått innspel frå Vestland fylkeskommune i saka.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kom etter oppstartsmeldinga med innspel om at det er registrert ein pukklokalitet ved Uførevika og Parisholmen lengst vest i det føreslegne verneområdet, samt ein sand- og grusførekomst ved Osen gard. DMF skriv at pukklokaliteten lengst vest er av liten



betydning, og peikar på at den austre delen av pukklokaliteten, som ligg innanfor verneområdet, er lite tilgjengeleg for uttak. Den vestre delen av pukklokaliteten, som ligg utanfor verneområdet, er meir tilgjengeleg for uttak grunna vegen over Straumsneset. Sand- og grusførekomsten ved Osen gard er i følgje DMF av «lokal betydning». Denne ligg delvis innanfor og delvis utanfor det føreslegne verneområdet. DMF er opptekne av at mineralførekomstane som kan bli viktige for framtida ikkje blir permanent beslaglagt, men registrerer at Statsforvaltaren legg til grunn at eit eventuelt vern vil hindre utvinning av mineral eller bergartar. Dei meiner òg det er uheldig dersom vern hindrar moglegheita til utviding av allereie opna uttak. DMF legg til grunn at grunneigar er kjent med at dei delane av sand- og grusførekomsten ved Osen gard som ligg innanfor verneområdegrensene vil bli gjort utilgjengelege.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for tilsendt informasjonen frå DMF om den registrerte pukk-lokaliteten vest i kandidatområdet, rundt Uførevika og Parisholmen. På flyfoto observerer vi at det meste av pukklokaliteten på eigedom 89/1 er bart fjell i bratt terreng. Dei nedre delar av tilbodsområdet som er registrert som pukklokalitet av liten betydning er delvis dekt av vegetasjon og ligg i dag vanskeleg tilgjengeleg for utnytting. Under synfaringa i området registrerte vi at grunneigar hadde pågåande aktivitet i den registrerte grus- og sandførekomsten rundt Osen gard, eit område lett tilgjengeleg ved vegen. Dette arealet, og eit større areal rundt, er halden utanfor tilbods- og utgreiingsarealet for frivillig skogvern. Ein framtidig status som naturreservat vil gjere det vanskeleg å utvinne mineral eller bergartar innanfor vernegrensa, slik som DMF også skriv. Grunneigar held av ein del areal til drift og aktivitet som sanduttak, og ønskjer å verne andre delar av arealet for å ta vare på skogen og landskapet. Verneføremålet tek høgde for å ta vare på det (biologiske og) geologiske mangfaldet i mest mogeleg urørt tilstand.

Norsk Bergindustri visar til DMF si fråsegn, og understrekar at det er viktig å ta omsyn til dei geologiske førekomstane i området før eit endeleg vernevedtak blir fatta. I tillegg har Norsk Bergindustri kommentarar til den føreslegne verneforskrifta. Dei ber om at verneforskrifta sin § 3 c, samt at §§ 4, 6, 7 og 8 blir mjuka opp slik at dei tek omsyn til framtidig mineralutvinning.

Kommentarar frå Statsforvaltaren:

Vi viser til vår kommentar til høyringsfråsegna frå Direktoratet for mineralforvaltning.

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat bad etter oppstartsmeldinga om at områdekonsesjonæren Linja AS vart inkludert på høyringslista, og bad dei kome med ei høyringsfråsegn. NVE er i høyringsfråsegna positive til at verneforskrifta tek omsyn til nettanlegg, men ber framleis om ei uttale frå Linja AS. I oppstartsmeldinga informerte NVE om at det er potensiale for småkraftverk i området, men at desse er rekna for å vere relativt lite lønsame prosjekt. Meir detaljert omtale av dette ligg i høyringsdokumentet. NVE bad Statsforvaltaren om å informere aktuelle grunneigarar om dette.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Linja AS var på høyringslista, men kom ikkje med ei høyringsuttale. Grunneigar kjenner potensialet for kraftutbygging i området og har tilbydd arealet til frivillig skogvern for å ta vare på alle naturkvalitetane i området.

Statnett skriv i uttale at verksemda ikkje har transmisjonsnettanlegg eller planar som blir påverka av arbeidet med skogvernet, og at dei difor ikkje har merknadar til verneprosessen.



Landbruksdirektoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i det tilrådde forslaget til forskrift som er utarbeidd i dialog med grunneigarane.

Forsvarsbygg ser ingen konflikhtar knytt til det føreslegne verneområdet, og registrerer at dei generelle unntaka frå ferdselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med forsvarets luftfartøy.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga. Dei tilrår å nytte namnet Osøyra naturreservat, fordi den elveosen og øyra som det er tale om ligg midt i det føreslegne verneområdet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for innspellet og nyttar namnet Osøyra naturreservat på det tilrådde området.

Norsk Orientering ber om at det skal vere lov med orientering i verneområdet. Dei har erfart at verneforskriftene ofte er til hinder for gjennomføring av turorientering og mindre orienteringsløp i verneområde, til trass for at arrangementa ikkje forringar verneverdiane. I tillegg peiker dei på at eventuelle vedtak om restriksjonar og avgrensing av aktivitet ofte manglar fagleg grunngjeving. Saman med fleire andre organisasjonar, mellom anna Norsk Friluftsliv, har Norsk Orientering kome med forslag til endringar i forskriftsmalen for naturreservat.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi er kjend med at Norsk Orienteringsforbund er i dialog med Miljødirektoratet om bruk av standardiserte verneforskrifter og regulering av arrangement som orienteringsløp i naturreservat. Fram til det eventuelt kjem nye føringar frå Miljødirektoratet rettar vi oss etter den gjeldande forskriftsmalen for naturreservat. Det finst ikkje samanhengande merka og registrerte tur- og friluftsruter i området og vi vurderer at det er mindre aktuelt med orienteringsverksemd her. Vi vil likevel vise til at verneforskrifta § 7 e, der forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til avgrensa bruk av naturreservatet til større arrangement.

Asbjørn Svardal viser til at det i det føreslegne verneområdet føreligg fleire servituttar som Statsforvaltaren må gjere seg kjend med. Særleg peiker han på retten gnr. 90 bnr. 3, har til å lande og legge opp båt, samt båtstø, på gnr. 89 Osen. Gnr. 90 bnr. 3 har òg vegrett over gnr. 89 til sjøen ved Osøyra. Slike evigvarande rettar som ligg til eigedommen meiner han ikkje må bli påverka av eit eventuelt vern.

Kommentarar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for informasjon om rettigheitar i området. Veggen mellom Osen og Osøyra ligg utanfor det føreslegne verneområdet. Det same gjer området kring Osøyra der det er mest aktuelt å lande og legge opp båt. Den føreslegne verneforskrifta vil difor ikkje vere i konflikt med dei rettigheitene som Svardal viser til.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Arealendringar er av dei største truslane mot naturmangfaldet, både globalt og lokalt. Å sikre Osøyra mot fysiske inngrep vil difor vere positivt for det viktige naturmangfaldet i området, jf.



naturmangfaldlova § 8. Eit eventuelt vern kunne redusere den samla belastninga på dei aktuelle artane og naturtypene utanfor det tilrådde området. Ivaretaking av naturmangfaldet i naturreservatet vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene, jf. naturmangfaldlova § 10. Vernet vil mellom anna verke positivt inn på nettverket av vestnorsk regnskog som ein finn i Flora-regionen, og som fylket vårt har eit særleg ansvar for å ta vare på. Sidan eit vern mot fysiske inngrep i Osøyra berre vil vere positivt for naturmangfaldet i området vil ikkje prinsippa i nml. §§ 8 – 12 bli vurdert nærare, jf. rettleiar om naturmangfaldlova kap. 2 frå 2016.

Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår å opprette Osøyra naturreservat i Kinn kommune. Vernekart og verneforskrifter ligg ved denne tilrådinga.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Framlegg til vernekart Osøyra_Kinn
- 2 Framlegg til verneforskrift Osøyra_Kinn

Kopi til:

| | | | |
|--|--|------|------------|
| FLORA IDRETTSLAG | | 7525 | FLORNES |
| FLORA JEGER & FISKERFORENING | Postboks 381 | 6902 | FLORØ |
| FLORA SKOGEIGARLAG | v/Anne-Karin Kleiven | 6913 | FLORØ |
| | Rynning Klauvene | | |
| Norsk institutt for bioøkonomi | Postboks 115 | 1431 | ÅS |
| Norges Geologiske Undersøkelse | Postboks 6315 Torgarden | 7491 | TRONDHEIM |
| Sabima | Mariboës gate 8 | 0183 | OSLO |
| INDRE SUNNFJORD TURLAG | Postboks 488 | 6801 | FØRDE |
| Luftfartstilsynet | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| Avinor | Postboks 150 | 2061 | GARDERMOEN |
| Norges Handikapforbund | Postboks 9217 Grønland | 0134 | OSLO |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| NHO Reiseliv | Postboks 5465 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Norsk Bergindustri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Det norske skogselskap | | | |
| Norsk Botanisk Forening | c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Technogarden | Vestfjordgaten 4 | 1338 | SANDVIKA |
| Den Norske Turistforening | Youngstorget 1 | 0181 | OSLO |



| | | | |
|---|-------------------------------|------|-----------|
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane | Sognefjordvegen 40 | 6863 | LEIKANGER |
| Norsk institutt for naturforskning | Postboks 5685 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Natur og ungdom | Postboks 4783 Sofienberg | 0506 | OSLO |
| Norskog | Postboks 123 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet | Postboks 6050 Langnes | 9037 | TROMSØ |
| Vegdirektoratet | Boks 8142 Dep. | 0033 | OSLO |
| Friluftsrådernes Landsforbund | Gamle Drammensvei 203 | 1337 | SANDVIKA |
| NORSKOG | Postboks 123 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| FLORA CYKLEKLUBB | c/o Per Ståle Vågene | 6908 | FLORØ |
| | Brandsøyvegen 93 | | |
| FLORA TURLAG | Postboks 365 | 6902 | FLORØ |
| Hans Terje Anonsen | Svardalsvegen 1147 | 6940 | Eikefjord |
| Vest politidistrikt | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard | Postboks 3021 Lade | 7441 | TRONDHEIM |
| Høgskulen på Vestlandet | Postboks 7030 | 5020 | BERGEN |
| Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet | Postboks 5003 | 1432 | ÅS |
| Norges Kystfiskarlag | Postboks 97 | 8380 | RAMBERG |
| Stadnamntenesta på Vestlandet | Postboks 7805 | 5020 | BERGEN |
| Norges Naturvernforbund | Miljøhuset, Marieboesgate 8 | 0183 | OSLO |
| Klima- og miljødepartementet | Postboks 8013 Dep | 0030 | OSLO |
| LINJA AS | Sørstrandsvegen 227 | 6823 | SANDANE |
| NTNU | Postboks 8905 | 7491 | TRONDHEIM |
| Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening | Postboks 5471 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Fortidsminneforeningen | Dronningens gate 11 | 0152 | OSLO |
| Norges Bondelag | Postboks 9354 Grønland | 0135 | OSLO |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | Postboks 94 | 1378 | NESBRU |
| Norsk Biologforening | Postboks 1066 Blindern | 0316 | OSLO |
| Norsk Ornitologisk Forening | Sandgata 30 B | 7012 | TRONDHEIM |
| Universitetet i Bergen | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| Naturhistorisk museum | Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Norsk Bonde- og Småbrukarlag | Akersgata 41 | 0158 | OSLO |
| Havforskningsinstituttet | Postboks 1870 Nordnes | 5817 | BERGEN |
| Fiskarlaget Vest | Slottsgaten 3 | 5003 | BERGEN |
| Norsk Zoologisk Forening | Boks 102 Blindern | 0314 | OSLO |
| FLORA BONDELAG | v/Liv S Lono | 6919 | TANSØY |
| Landbruksdirektoratet | Postboks 56 | 7701 | STEINKJER |
| Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Forsvarsbygg | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Norsk Industri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Statkraft SF | Postboks 200 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| WWF Verdens naturfond | postboks 6784 St. Olavs Plass | 0130 | OSLO |
| Kinn kommune | postboks 294 | 6701 | MÅLØY |



| | | | |
|--|---------------------------------|------|----------|
| Friluftslivets Fellesorganisasjon | Nedre Slottsgate 25 | 0157 | OSLO |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Norges Dykkeforbund | Serviceboks 1, Ullevåll Stadion | 0840 | OSLO |
| KS - Kommunesektorens organisasjon | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO |
| Statens Kartverk | Postboks 600 Sentrum | 3507 | HØNEFOSS |
| Statnett SF | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Norges Miljøvernforbund | Postboks 539 | 5806 | BERGEN |
| Norsk Sau og Geit | Postboks 104 | 1431 | ÅS |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep | 0032 | OSLO |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Norges Orienteringsforbund | Postboks 5000 | 0840 | OSLO |
| Norsk Organisasjon for Terrengsykling | Postboks 7079 St. Olavsplass | 0130 | OSLO |
| NOTS | | | |
| Norges Skogeierforbund | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |